



Sands Advokatfirma Da Avd Bergen
Lars Selmar Alsaker
Postboks 1150 - Sentrum
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5731 - 22/92676

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
06.12.2022

Svar på førespurnad i sak - gbnr 351/19 Landsvik

Tiltak: Mogleg ulovleg tiltak
Byggjestad: Gbnr 351/19 Landsvik
Tiltakshavar: Landsvik Eigedom As

Saka gjeld

Pålegg om stans, henstilling om oppheving av stoppordre og førespurnad om vidare saksgang.


Status på oppfølging av det ulovlege forholdet

Miljø & tilsynsavdelinga har ei pågåande oppfølging med det vi har vurdert som søknadspliktige tiltak på eigedom med gbnr 351/19.

I henstilling om oppheving av pålegg om stans vert det hevda at tiltaka ikkje er søknadspliktige og mellom anna vist til rettsavklaring om at terrengbearbeiding for tiltak opp til 1 dekar kan gjerast utan søknad og tillatelse.

Den foreløpige vurderinga er fortsatt at igangsatte arbeider er søknadspliktige og dermed ulovlege ettersom dei er igangsatt utan løyve. Nedanfor er kartustnitt med omtrentleg utstrekning av tiltaket. Dei markerte areala er på ca 3 daa og 4 daa. Tiltaka kan heller ikkje sjåast på som to ulike tiltak ettersom dei har klart sammanheng med kvarandre både i plassering og gjerast på same tid. Ettersom vi finn arbeida som er gjort som søknadspliktige kan vi ikkje oppheve stoppordren som er gitt.

Miljø & tilsynsavdelinga er i ein fase der vi går gjennom saka og samlar inn informasjon. Konklusjon, vurdering av omfang og vidare oppfølging er ikkje endeleg avklart og det vil bli sendt ut brev med førehandsvarsel om retting og tvangsmulkt når vi har kome vidare i saka.



Terrengingrep nedre del



Terrengingrep øvre del

